

## Kyrkjebø herad — Lavik herad

Etter krigen vart det skipa eit luftfartsselskap med tanke på å driva flyging og taksiflyging mellom Bergen og distrikta, og Kyrkjebø kommune har teikna luter i dette selskapet.

Kommunen sine samferdselsinteresser er retta to vegar: til Bergen og over Flåm til Oslo.

Vegnettet her i kommunen er heller lite utbygd.

*Vilkår for nye tiltak og vidare utvikling.* I jordbruket er framhald av mydyrkinga og overflatedyrking til kulturbeite noko av det viktigaste. Vidare må hagebruket utvidast til meir dyrking av bær og fruktslag som er for verlaget. Hønsehaldet og grisehaldet på dei mange småbruka er aukast. Det må skipast produsentlag på samyrkebasis for alle sortar jordbruksvarer — som no for mjølk og kjøt. All sameige i beite og utmark elles må verta utskift, da dette no stengjer mange bruk for skogplanting og kulturbeite i utmarka. Det må skaffast elektrisk kraft til jordbruket og til industrielt bruk. Dette gjeld særleg for heimeindustrien og småindustrien på dei mindre bruka. Dette ville i stor mon hjelpe til å halda på arbeidshjelpa i jordbruket.

Her er vilkår og marknad for fleire halvstore verksemder, berre her kunne skaffast elektrisk kraft. Her er fleire veglause bruk og mange hus utan innlagt vatn. Dette er alt oppgåver som ventar på si løysing, og det er von om at dei vil verta løyste i dei nærmeste åra framover.

Med dei store industrielle verksemder, det allsidige jordbruket og den store tiltaksviljen dei forretnings- og næringsdrivande har synt, kan Kyrkjebø herad sjå ljost på framtida og framleis rekna med framgang i dei komande mannsaldrar.

---

## Lavik herad.

Av Bendik Søstrand.


Lavik herad ligg i Ytre Sogn på både sider av Sognefjorden i ei lengd av 22 km. I aust grensar Lavik herad til Kyrkjebø, i sud til Masfjorden i Hordaland, i vest til Brekke og Hyllestad herader, og i nord til Fjaler herad. Kartskissen vil syna dette.

Lavik herad er 239,03 km<sup>2</sup> stort. Av dette er 13,03 km<sup>2</sup> ferskvatn. Etter jordbrukssteljinga 1949 er arealet i dekar bytt på dei ymse vokstrar soleis: Beite 800, skog 16 271, korn 24,9, poteter 216,5, grønsak 10,3, hage 83,9, dyrka eng 3318, natureng 2416, grønfor 51,1, brakk 25. I 1939 var tala i same rekkefølgje: 85, 33 580, 112, 188, 12, 63, 3018, 3323, 50, 15.

Heradet er bytt i 169 bruk som er yver 5 dekar. 14 bruk er bureisingsbruk, og det er 5 bruk som der for tida ikkje bur folk på.

Ved siste folketeljing (1946) var folketalet i heradet 997. Den skatteføre medel er ved siste likning (1949/50) sett til kr. 2 451 544, og den skatteføre

Lavik herad




Kart over Lavik.

inntekt er kr. 844 388 utrekna etter reduksjonstabell II. Skattøret er kr. 4,00 pr. 1000,00 kr. medel, og kr. 18,00 pr. 100,00 kr. skattefør inntekt.

Krøtertalet kan ein gje opp soleis: 140 hestar, 1190 storfe, 3178 sauер og 750 høns. Lavik er stort sett eit jordbrukshestad der jorddyrkings og husdyrhaldet lyt skaffe det meste av næringa, men der er også einkelte bruk der fiske og skogsdrifta gjev munaleg inntekme. For den parten av heradet som ligg på nordsida av Sognefjorden er mjølkumsetnaden for det meste ordna ved levering av smør til smørlag, medan mjølkumsetnaden for den parten av heradet som ligg på sørsida av Sognefjorden er ordna ved sal av nysilt mjølk til Høyanger meieri.


Elektrisitetsforsyninga ligg bra tilrette for heradet. Etterat Svultingsfalli i Lavikdal i 1939/40 vart utbygde har om lag heile Lavikdalen, Lavik sentrum og Lavik husmorskule fått elektrisk kraft. Linenettet er fram-




Lavik (gamalt).

Les under vidare utbyggjing, og  
resetnaden er at heile heradet  
på nordsida av Sognefjorden skal  
si kraftforsyning frå Svultin-  
gen. Ein får og vone at det vil  
likkast for Ikjefjorden og stren-  
ne der, anten å få si kraftforsy-  
ning saman med Brekke, eller å  
utbygt Østerbøfalli, som etter  
ein veit er ideelle for utbygg-  
ing. Elektrisitetsforsyninga vil i  
amtida gjeva den beste tilskun-  
ning til nye bedrifter og tiltak,  
sæleg med foredling av skogs-  
virke og industrielle verksemder.


Kommunikasjonane har alltid  
være den store interessesak for  
Lavik til å ha sitt vake auga for.  
Det gjeld både sjøvegs og lande-  
veis. Jamfört Fylkesbåtane og  
bilferdsla på vegane, har det vore  
interesse å ha snøgg postføring  
med laglege postruter og godt te-  
lefonssamband. Fylkesbåtane har  
være vigg stor interesse, og  
leg som Lavik ligg til som stop-  
pestad for eit godt rutesamband



Dampskipskaien, Lavik.



Fra Lavik.




Lavik.

for grannebygdene, må Lavik både no og i framtida vera eit av dei beste knutepunkt for samferdsla i Ytre Sogn, med dagjamne rutesamband Bergen—Sogn og Sogn—Bergen, samstundes som bilferdsla på vegane i tiliggjande bygder lettast kan formidlast yver Lavik med Fylkesbåtane.

Vegbyggjinga, både det som gjeld sambindingsvegar og produksjonsvegar fram til avsidesliggjande grender, har havt ein brei plass i herads-politikken. Mykje er gjort i den leid, men det står enno mykje att. Når ein veit det er fastlagt at den ytre riksveg Bergen—Vadheim skal hava ferje yver Sognefjorden fra ein stad i Brekke og til Lavik og vidare um

Torvund til Vadheim, so er det naudsynt å påskunda riksvegbygget Torvund—Vadheim for den vil gjeva den beste nytteeffekt for samferdsla her millom bygdene på nordsida av Sognefjorden og store deler av Dalsfjordhalvøya. Og skal den ytre riksveg kunne gjeva utløysing for den parten av heradet som ligg på søre sida av Sognefjorden, nemleg Ikjefjorden og strendene der, so må vefsambandet Trædal—Oppedal koma aktivt opp til gjenomføring i nær framtid.



Fra Lavik.

Framgangsvonene for Lavik herad med nye tiltak, reising av industrielle verksemder, velordna folkeskule, reising av nye heimar og ei sterkare jordbruksdrift er kategorisk bunde til å halda fram med å byggja ut kommunikasjonane, serleg vegar, og elektrisk kraftforsyning fram til dei ein-skilde heimar.

---

### Leikanger herad.

Av Olav Tveit og Hans Offerdal.

Sognefjorden frå Sygnefest til Skjolden reknar ein å vera 18 mil. Om lag midtvegs ved fjorden ligg Leikanger herad. Heradet har 3 sokner: Leikanger, til vanleg kalla Syrstrand, ligg på nordsida av fjorden millom Sogndal i aust og Balestrand i vest i lengd om lag 12 km. Til Syrstrand høyrer og eit lite gardsbruk og nokre skogteigar inne i Fjærlandsfjorden. To dalføre, Grindsdalen og Henjumdalen går frå sjøen mot nord inn under breddar som grensar til Jostedalsbreen. Kring båtstoppestadene Leikanger — til dagleg kalla Hanehaug — og Hermansverk er tettbygt, mest ved Hermansverk. Dette har gjort at der i ikkje liten mun har vorte ei to-deling av bygdi. Dei to sentrale stader har drege kvar til seg, og dette har ned gjennom tidene skapt visse vanskar for sams tiltak i bygdi. I siste åri har denne kløyvingi falle meir og meir burt.

På sørssida av fjorden, tvers over for Leikanger, ligg sokni Feios. Busetnaden der ligg langs fjorden i lengd om lag 8 km og sørover i eit dalføre som kløyver seg i ein dal sørvest mot Vik og eit dalføre mot sør til grensa mot Vossestrand.

Om lag 8 km lenger aust ligg Fresvik med heller tett busetnad ved sjøen og gardar søretter Fresvikdalen. Dessutan nokre gardar oppe på Fresvikåsen og nede ved sjøen mot Aurlandsfjorden. Til Fresvik høyrer og Frønningane på austsida av Aurlandsfjorden til merkes med Lærdal. Der ligg gardane spreidt, nokre ved sjøen og nokre oppe på Frønningåsen.

Til heradet høyrer vidare eit gardsbruk, Tingastad, og nokre skogteigar — Tingastad almenning — som ligg på halvøyi millom Sogndalsfjorden og Sognefjorden.

På Syrstrand, som er midtpunktet i heradet, er der 2 posthus, 2 telefonstasjonar, 3 båtstoppestader, heradet sin sentraladministrasjon, distriktslækjar, lensmann, sparebanken, fleire fabrikkar, 7-delt skule, kyrkje og prestegard, fylkesgarden, sorenskrivargarden o. s. fr. På sorenskrivar-garden stend den vidgjetne «Skrivareika».

På Syrstrand ligg og fylkets sentraladministrasjon som er samla i administrasjonsbygningen, det sokalla Tinghuset. Dette er eit murbygg i  $2\frac{1}{2}$  høgd med  $537 \text{ m}^2$  grunnflate. Bygget er kosta av heradet og oppført i 1939. Kostnadssum om lag kr. 250 000. På Leikanger ligg dessutan Sogn Barneheim oppført i 1891, med plass til 30 born. Heile heradet har ei flatevidd på  $461,9 \text{ km}^2$ , og folketalet var pr. 1/12 1950 2623. Folketalet pr. 1/12 1946 var 2601. Auken er berre 0,8 pst.

## LAVIK HERAD

**BRUAAS, LASSE,** Agentur,  
ass. landhandel, Lavikdal.  
Tlf. Lavikdal.



Lasse Bruaas.

Firmaet ble startet 14. april 1924 av nåværende innehaver, Lasse Bruaas. —

Virksomheten omfatter agentur, ass. landhandel, samt omsetning av elektriske apparater. Ved siden av driver Lasse Bruaas som gårdbruker.

**HELLEBØ, JOHANNES,** Pensjonat,  
snikkarverkstad, Lavik. Tlf. 9.

Pensjonatet vart skipa i 1922, og er einaste pensjonat i Lavik. Det tek imot so vel vanlege ferdafolk som feriefolk i sommaropphald. Pensjonatet har bil og båt som står til teneste for gjestene til so vel kortare turar i omgjevingane som til skyss i lengre reiser. Omgjevingane i Lavik byd på terrenge for hugnadsame utflukter, frå fjord til fjell.

Snikkarverkstaden leverar alt i pene og solide møblement.

**KVAMMEN, TOMAS,**  
Landhandel,  
Lavik. Tlf. 13.

Forretninga vart starta 1. mai 1926 av noverande eigar, Tomas Kvammen. — Forretninga omset matmjøl, kolonialvarer, kraftfør, kunst-

gjødsel, såvarer, steintøy, skotøy, jernvarer, landbruksmaskiner, sykler og manufaktur. Forretninga har bensinstasjon og bokfilial. Eigaren har agentur for A.s Voss Skiferbrudd. — Butikken ligg i sentrum om lag 50 meter frå dampskipskaien i Lavik.

Forretninga har privat kai.  
(Se bildet neste side.)

### LAVIK HELSEHEIM, Lavik.

Pleiehjem for tuberkuløse. Bestyrerinne er Oline Grønhaug.

### LAVIK KOMM. HUSMORSKOLE, Lavik.

Bestyrerinne er Ragnhild Midnes.

### LAVIK KRAFTLAG, L/L, Vikum.

Tlf. 9. Tigr.adr. L/L Lavik  
Kraftlag, Vikum.


Kraftlaget vart starta i 1939 av fleire interesserte. Verksemda omfatar kjøp og salg av elektrisk kraft.

Krafta vert kjøpt hjå L/L Svultingen og seld til abonnentar på nordre sida av Sognefjorden innan Lavik herad.

Styret i laget er samansett av 5 mann. For tida desse: lensm. Johs. Instefjord, Lavik, gardbr. Jens Nyland, Lavikdal, likningssekretær Edv.



Johs. Hellebos pensjonat.



Tomas Kvammens forretningshus.

Hellem, Lavikdal (varaform.), gardbr. Hans K. Torvund, Torvund, lærar Leiv Hellebø, Vikum.

#### LAVIK NYE SPAREBANK, Lavik.

Banken vart skipa av dei fremste menn i bygda den 24. april 1926 og tok til med bankverksemda i 1928. Det vart teikna eit grunnfond på kr. 8000,00, i luter på kr. 25,00, av bygdefolket. Det vart bygd nytt hus åt banken i 1935. Lensmann Johs. Instejfjord var fyrste styreformann og er no bankens adm. direktør. Kasserar er gardbrukar Sigv. Nybø. Forvaltningskapital pr. 1. jan. 1951 kr. 888 953,00.

#### LAVIK OG BREKKE BRANN- TRYGDELAG, Lavik.

Branntrygdelaget ble opprettet i 1892. Kasserer er gårdbruker Harald Fridtun, Tredal.

#### RAAE, GJERT, Hjulmaker, Lavik.

#### RAASHOLM, EINAR, Ass. handel, Lavik.

Firmaet vart starta i 1920 av Einar Raasholm og Johs. Hellebø under firmanamn Raasholm & Hellebø, og i leigde lokale. I 1930 vart sameiga oppløyst, og forretninga overteken av növerande eigar under firmanamn Einar Raasholm, og same år vart bygt nytt forret-

ningshus ved d.s.-kaien i Lavik. Omsetninga omfatar kolonial, skotøy, jernvarer, manufaktur, steintøy, mälarvarer, fiskereidskap og taugverk etc.

#### SVULTINGEN L/L, elektrisitetsverk, Lavik.

Elektrisitetsverket ble startet i 1939. Disponent for verket er hjulmaker Gjert Raae. Aksjekapital kr. 360 500.

#### LEIKANGER HERAD

#### AARSKOG, K., Bakeri, Landhandel, Hermansverk.

Firmaet ble etablert i 1934. Virksomheten omfatter landhandel og bakeri. Er også aut. kommisjonær for Pengelotteriet.